

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 16.02.2017

### SAKLISTE

- GODKJENNING AV INKALLING OG SAKSLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- TILSKOT TIL GJENNOMFØRING AV PRESTEGARDSSTIEN I EIVINDVIK
- GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE OG FINANSIERING AV ARRANGEMENTET TOUR DES FJORDS I GULEN
- AVTALE MELLOM GULEN KOMMUNE OG STIFTINGA MUSEA I SOGN OF FJORDANE
- ELEKTRONISK AVKRYSSING I MANTALLET PÅ VALGDAGEN STORTINGSVAL 2017
- EIGEDOMSKATT. NY ALLMENN TAKSERING OPPSTART AV HOVUDPROSJEKT - GODKJENNING AV MANDAT OG FINANSIERING
- EIDEDOMSSKATTVEDTEKTER FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV VEDTEKTER I SAMBAND MED NY ALLMENN TAKSERING
- GODKJENNING AV HOVUDPROSJEKT – BYGGING AV FELLESBYGG MED BUSTADAR PÅ DALSYRA
- REVISJON AV LØNSPOLITISK PLAN FOR GULEN KOMMUNE 2016
- NYHEIM BRU – FINANSIERING
- KLAGE FRÅ GULEN KOMMUNE. VEDTAK OM ENDRINGAR I LOKAL STRUKTUR FOR VEST POLITIDISTRIKT

Stad: Gulasalen i kommunehuset i Eivindvik  
Tid: 16.02.2017 kl. 11.00  
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal, ordførar

## Tour des Fjords i Gulen 25.05.2017

Brekke har vorte utplukka til startstad for sykkelløpet Tour des Fjords torsdag 25.05.2017. Denne etappa vil gå med startstad i Brekke og ha målgong i Norheimsund. Dette er fyrste gongen Tour des Fjords vitjar Sogn og Fjordane. Dette er eit stort arrangement for ein kommune som vår.

Me ynskjer hjelp til gjennomføringa og innspel til kva me kan fylle dagen med av anna innhald for å skape den folkefesten me ynskjer å lage denne dagen.

Ynskjer laget ditt å stelle i stand noko, har du ein knakande god ide for dagen?

Me ynskjer alle innspel velkomen. Ta kontakt med Viggo Randal, e-post: [viggo.randal@gulen.kommune.no](mailto:viggo.randal@gulen.kommune.no) eller på telefon 57 78 20 09.

## Digital kommunikasjon mot innbyggjarar

Offentleg sektor skal digitaliserast. Gulen kommune er i gong med eit stort prosjekt som handlar om at det meste av kommunikasjonen skal skje digitalt. Kommunen skal om nokre få veker sende ut brev på nett til både næringsliv og til innbyggjarar. Løysinga er eigna for å sende opplysningar som er underlagt teieplikt.

### Oppdater kontaktinformasjonen din

For å kommunisere med deg på nett må det offentlege ha tilgang på det rette mobilnummeret ditt og e-postadressa di. Denne informasjonen vert samla i eit felles offentleg kontaktregisteret. Lenken til registeret finn du på kommunen si heimeside.

### Har du fått din digital postkasse?

Per 01.12.2016 har 464 innbyggjarar i Gulen fått digital postkasse. Sogn og Fjordane er fylkeskommunen med lavast andel registrerte postkasser. La oss snu statistikken! Din digital postkasse kan du oppretta på [www.norge.no](http://www.norge.no)

Det er frivillig for innbyggjarar og ha ein digital postkasse. Innbyggjarar kan velje enten e-Boks eller Digipost for å motta digital post frå det offentlege. For meir informasjon om digital postkasse og reservasjon mot digital kommunikasjon sjå Gulen si heimeside.

## **Kunngjøring ny allmenn taksering – eigedomskatt Gulen kommune**

Gulen kommune vil i perioden april til desember 2017 gjennomføre ny taksering av alle eigedomar i Gulen kommune. Ny takst får verknad frå skatteåret 2018.

Hus og hytter vert synfart utvendig. Synfaringa startar med lågaste gardsnummer i kommunen. Det vert sendt ut varsel på SMS når synfaringa skjer i ditt område. Du kan då melde i frå til kommunen dersom du ynskjer å vere tilstade under synfaringa. Det vert også informert med oppslag på butikken. Jamleg oppdatert info om framdrift på [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

### **Vi søker takstmenn**

Til å takserer hus og hytter vil vi engasjere eigne takstmenn. Det er ei føremon, men ikkje eit absolutt krav at du har relevant bakgrunn. Opplæring vil verte gjeve. Du må ha førarkort, og og det er føremon om du har god kjennskap til kommunen og disponerer eigen bil.

Arbeidet vil skje i perioden april til desember, men sjølv om du evt ikkje kan delta i takstarbeidet i heile denne perioden så er du likevel velkommen til å ta kontakt. Løn etter tariff, stillingskode assistent/fagarbeidar.

For meir informasjon ta kontakt med Rune Midtun, telefon 57 78 20 47. Søknad sendast til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik eller på e-post til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)

Søknadsfrist 01.03.2017

Kommunen skal nytte takstfirma for å takserer industri og næring.

## **Plan- og prosjektnytt**

### **Reguleringsplanarbeid pågår:**

- Storvåneset Brandanger
- Gulen industrihamn
- Oppdrettsanlegg Ortneset
- Mjåsundet industripark
- Skipavika industripark
- Bustadprosjekt Byrknes(Gåtafeltet)
- Bustadfelt Ortneset i Brekke

### **Prosjektnytt:**

#### **Utleigebygg Eivindvik**

Vert starta bygging på tomt i Prestesundet bustadfelt mars d.å.

#### **Trafikktryggingstiltak Byrknes**

Arbeidet er starta. I dette ligg snuplassar og parkering ved skulen og snuplass ved Nordre Garden, samt utviding av veg til m.a. Kalvøyna.

#### **Trafikktrygging Gåta, Byrknes**

Rekkverk mellom Fylkesveg og gang/sykkelveg er montert.

#### **Oppedal bru**

Det er kome inn tilbod på arbeidet med brua. Saka kjem opp i kommunestyret i februar for løyving. Venta ferdigstilling vår-2017.

#### **Barnehage Hovden**

Arbeidet er starta. Ferdigstilling ultimo 2017.

#### **Brekke barnehage**

Arbeidet er starta. Ferdigstilling ultimo 2017.

#### **PU-bustader/aktivitetssenter Dalsøyra**

Dette prosjektet er tildelt entreprenør. Saka kjem opp i kommunestyret i februar for løyving. Bygging vil starte opp våren 2017 og venta ferdig ut i 2018.

#### **Stadutvikling Eivindvik**

Det vert no starta eit «stadutviklingsprosjekt» i Eivindvik. I dette ligg at ein skal finne gode løysingar for gåande og syklande i Eivindvik sentrum. Det vert også sett på parkeringstilhøve for bilar og evt. andre tiltak som kan gjere kommunesenteret meir funksjonelt. I prosjektet ligg også justeringar av avløpssystem i sentrum. Næringsliv, lag og organisasjonar m.fl. vil bli involverte i prosjektet. Prosjektleder er plankonsulent Britt Foss.

#### **Montering av rekkverk mellom Eivindvik og Sygnefest m.m.**

Det er no montert vegrekkverk fleire stader i Gulen. Dette gjeld rekkverk ved vegen mellom Sygnefest og Dinja og mellom Eivindvik og Sollibotn. Vidare rekkverk ved gangvegen ved Gåtafeltet på Byrknes. Elles rekkverk til Furnes og til Kjellby. Også rekkverk på Nyborg bru.

## Ventilasjon Dalsøyra barnehage.

Nytt anlegg skal på plass i 2017.

## Asfaltering

Det er prioritert asfaltering av kommunale vegar slik i 2017:

- Hantveit-Hauge
- Solstrandvegen-Hauge
- Selevåg-Brandanger

Det er mogeleg at fleire mindre vegstrekkar kan kome inn i tillegg.

## Utbetring/sikring av Storeelva i Instefjord.

Arbeidet er starta.

## Frivillighetsentralen



Starten på 2017 har vore aktiv!

Strikkekafeen i Brekke er i gang med eit prosjekt - Strikk for livet. Her strikkar dei små ullsett som sendast til nyfødde i land der det ikkje er straum. Alle er med og bidreg med det dei kan av strikkeferdigheiter. Supert tiltak!

Strikkekafeane i Nordgulfjorden og Eivindvik er i gang igjen, og på Språkkafeen i Eivindvik stilte over 20 personar til ein kjekk kveld denne veka. Dei små er aktive i gymsalane rundt om, vi har eit forsøk med Volleyball på onsdagar på Byrknesøy – der oppfordrar vi bygdefolket til å stille, så kanskje vi kan lage ei turnering utpå våren.

Laurdag 21.01.2017 stilte konfirmantane i Eivindvik opp og arrangerte fotballturnering. Dei styrte turneringa flott med innleiande spel og finalar. Som i all barneidrett premierte vi alle, med premiar sponsa av Design-Flores. Tusen takk for flotte kremmarhus m/innhald! Konfirmantane fokuserte på folkehelse, så ein dag der 18 born fekk vere i aktivitet i timesvis er strålende jobba. Dei toppa arrangementet med ein frukt-kiosk og har bidrege til eit godt innslag for bygda. Takk til alle føresette som stilte som heilagjeng, det er like viktig for dei små.

Gulen Frivilligsentral håper på like godt engasjement vidare gjennom 2017, dette lovar bra.

## Vårrydding



i Gulen kommune er 22.04.2017 (Gulen sør 29.04.2017). For meir info sjå [www.ngir.no](http://www.ngir.no)

## Info frå Legekontoret

Det er nye reglar for utsending av medisin frå apotek. Ein kan ikkje lengre få medisinen levert i postkassa.

Ein har to alternativ om ein ikkje ønskjer å hente medisinen på apoteket sjølv:

- Medisinen kan sendast heim til deg, og du må personleg ta i mot pakken. Er du ikkje heime blir den levert til Post i butikk. Dette kostar ca. kr 130,-.
- Medisinen blir sendt i samla sending til butikk og du kan hente den der. Dette kostar ca. kr 75,-

Det blir ikkje sendt ut melding om medisinen som kjem til butikkane.

## Gulatinget

Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke initiativ til å etablere eit nasjonalt nettverk mellom lagtinga frå vikingtid og mellomalder i Noreg («Nasjonalt Tingnettverk»). Det gjeld dei fire lagtinga Gulatinget, Frostatinget, Borgartinget og Eidsivatinget.

Målet er å samarbeide om å løfte fram historia frå dei regionale lagtinga i vikingtid og mellomalder, samt drive utveksling av erfaring frå forvaltning og formidling av denne historia. Lagtinga si historie er sentrale knytt til etableringa av eit folkestyre, framveksten av ein rettsstat, utviklinga av eit lovverk, og etableringa av forsvaret i landet.

Det vart difor 11.-12.01.2017 arrangert ei konferanse i Sarpsborg («Borgarting»), der delegatar frå alle dei fire store lagtinga var representert.

Under konferansen vart det semje om å fortsetje samarbeidet. Det vart mellom anna bestemt at dei fire lagtingsområda skal ha ein årleg konferanse, som alternerar mellom die ulike områda.

Innhaldet på konferansane skal knytast til fagleg utvikling, formidling og forvaltning. I tillegg vil representantane samarbeide om å løfte denne viktige delen av historia i relevante fora nasjonalt, og vere pådrivarar for at denne delen av norsk historie får ein større plass i skuleverk og lærebøker.

## UKM i Gulen 2017

Er du ungdom frå 10-19 år? Har du eit ynskje om å stå på ein scene og framføre noko? Syng du eller spelar du eit instrument? Teiknar eller målar du? Kunne du tenke deg å danse eller framføre skodespel? Er du glad i å fotografere eller å filme? Vil du vere med på den lokale Ungdommens kulturmonstring i Gulen?

**Sett av fredag 17.02.2017** frå kl. 19.00 og utover. UKM vert også i år arrangert på Dalsøyra samfunnshus. Etter arrangementet vert det diskotek. Det vil òg vere litt sal av mat.

Påmelding: Gå inn på [www.Ukm.no](http://www.Ukm.no) og finn den lokale sida der. Har du problem med å finne ut av det?

Ta kontakt med kulturkonsulent Viggo Randal på e-post: [viggo.randal@gulen.kommune.no](mailto:viggo.randal@gulen.kommune.no) eller telefon 57 78 20 09.

## Revisjon av SMIL-strategi

Landbrukskontoret startar i desse dagar arbeidet med revisjon av kommunen sin strategi for bruk av SMIL-midlar (tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket). Desse midlane kan søkjast på av alle som søkjer om produksjonstilskot i jordbruket, og har mellom anna vore mykje nytta i samband med beiterydding og rehabilitering av gamle bygningar i landbruket. Strategien fastset korleis Gulen kommune skal prioritere bruken av midlane, og vert til gjennom samhandling med dei ulike faglag i kommunen. Gulen forvaltar årleg kring kr 200 000,-.

## Handtering av rundballeplast

Jordbruket produserer mykje avfall, og mykje av dette er ressursar som kan gjenvinnast. Rundballeplast er eit godt eksempel, og bør oppbevarast gjennom inneføringssesongen og leverast på innsamlinga som skjer i regi av bondeorganisasjonane kvar vår. Informasjon om stadar tidspunkt vil komme når det nærmar seg. Det er ikkje lov å brenne rundballeplast.

## Serviceskyss i Gulen 2017

Serviceskyss er ei utvida form for tingingsruter som er open for alle. Transporten har som mål å gje eit tilbod om reise til butikk eller samlingsstad nær deg. Turen kostar kr 25,- pr. veg. Ta kontakt med di lokale drosje på tlf. 57 78 31 00 for meir info.

## Besøksheim for barn og unge

Gulen kommune ynskjer å kome i kontakt med familiar som kan tenke seg å vere besøksheim i helgar for barn/ungdom. Vi ynskjer og kontakt med ungdom/vaksne som kan vere fritidskontakt på ettermiddagar.

Er du interessert eller ynskjer du meir informasjon ta kontakt med kommunalsjef omsorg Ingebjørg Søreide, e-post: [ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no](mailto:ingebjorg.soreide@gulen.kommune.no) eller telefon 57 78 20 04.

## Nyoppussa Gamlestova ved Gulen sjukeheim



Tusen takk til alle lag og organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar som har bidrege med økonomisk støtte!

Den nye Gamlestova er no teken i bruk og er til stor glede for dei mange som bruker den. I løpet av 1,5 år er det samla inn pengar, til saman kr 145 295 (!), til renovasjon av Gamlestova. Det er blitt fantastisk flott!

Alle som har lyst til å sjå forvandlinga, er velkomne innom!

Les meir og sjå bilde på kommunen si heimeside.

## Ymse

**Gudstenesteplan** for Gulen kommune i 2017 kan du sjå på kyrkja si heimeside [www.kirken.no/gulen](http://www.kirken.no/gulen)

**Neste Infoposten vert distribuert i veke 17.**